



VERNEOMBODET DITT



Oppgåva til verneombodet er å verne
om medarbeidarane sine
interesser i saker som gjeld arbeidsmiljøet.

KVA KAN EG KONTAKTE VERNEOMBODET OM?

Kontakt verneombodet så tidleg som mogleg om arbeidsmiljøproblem. Lista nedanfor viser nokre typiske saksområde for verneombodet:

- mobbing, trakassering og personkonfliktar
- ergonomi, luftkvalitet, belysning og støy
- tidspress, arbeidstid og overtid
- detaljstyring og anna dårleg leiing
- einseitig arbeid
- vald og truslar
- farleg arbeid som må stansast
- planar for nybygg og ombygging

ORGANISERING

Vernetenesta i Helse Vest er godt organisert og følgjer i hovudsak linjene i organisasjonen. Det vil seie at det er verneombod på dei fleste vedtaksnivå. Det opnar for at medarbeidarane kan medverke til gode avgjerder.

MEDARBEIDARANE OG VERNEOMBODET

- Vi spelar på lag med alle medarbeidarane. Det er dei vi representerer, og det er dei som gir oss legitimitet.
- Verneombodet tek opp arbeidsmiljø saker etter ønske frå medarbeidarane. I mange saker er det nyttig å få noko skriftleg, men det skal vere låg terskel for ein medarbeidar til å kontakte verneombodet. Medarbeidarane har i mange saker ei sjølvstendig plikt til å orientere leiaren, men kan alltid be om råd frå verneombodet. Hugs at det er betre å ta kontakt ein gong for mykje enn ein gong for lite.

- Medarbeidarane må få jamleg informasjon frå verneombodet. Verneombodet bør bruke nokre minutt på kvart personalmøte til å orientere om aktuelle saker.

ROLLA SOM VERNEOMBOD

- Eit godt arbeidsmiljø blir til i eit samarbeid der alle medarbeidarar, leiarar, tillitsvalde og verneombod bidreg. Når vi jobbar førebyggjande, bidreg vi til eit berekraftig arbeidsmiljø i helseføretaket.
- Verneombodet er ein medarbeidar som er vald av kollegaene sine, og representerer alle medarbeidarar i saker som er viktige for arbeidsmiljø, helse og sikkerheit på arbeidsplassen.
- Arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter set rammene for oppgåvene til verneombodet. Verneombodet skal sjå til at krava i lova og forskriftene blir varetekne.
- Verneombodet kan ta opp saker på eige initiativ eller etter spørsmål frå kollegaer. Verneombodet har alltid plikt til å gå vidare med mobbesaker.
- Verneombodet har ikkje ansvar for arbeidsmiljøet. Dette ansvaret ligg alltid hos leiaren, men alle medarbeidarar har plikt til å medverke. Det er viktig at verneombodet og leiaren har eit godt samarbeid, og dei skal ha faste møte.
- Rolla som verneombod er fri og uavhengig, og verneombodet har teieplikt om medarbeidarane sine personlege forhold.

VISJON

Helse, miljø og sikkerheit skal vere ein sjølvsgd del av arbeidsdagen.

VERDIAR

Respekt for kvarandre.

Tryggleik og samhald.

Kvalitet gjennom medverknad og samarbeid.

MÅL

Verneomboda er synlege.

Verneomboda er aktive og attraktive samarbeidspartnarar.

Verneomboda ser på HMS som ein integrert del av arbeidsdagen.

Verneomboda medverkar til endring og utvikling.

Les meir:

www.helse-vest.no/verneombod

www.arbeidstilsynet.no

